85 000 til tre prosjekt i bygda

07.12.2011

Glade for tildelinga: Framme sit Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland frå idrettslaget. Bak Monika Storevik og Thor Inge Døssland frå skulemusikken og Lars Henrik Skogtun (i midten) frå Røysterett for alle.
(Foto: Kristian Hus/HusnesNett)

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad hadde si fyrste tildeling onsdag kveld og tre av 30 tildelingar gjekk til Uskedalen, Det var 20 000 til lydanlegg for Røysterett for alle, 50 000 til Uskedal skulemusikk til kjøp av instrument til musikkutvikling for ungdom og 15 000 til Uskedal idrettslag til auka ungdomssatsing i skigruppa,

Det var 75 søknadar frå Kvinnherad, Stord og Odda og det vart delt ut 1,25 million for hausthalvåret. Neste tildeling er alt til våren, med 1. april som søknadsfrist.

Under tildelinga takka kvart lag for gåva ogsa litt om drifta, Ingebjørg Haugland frå idrettslaget fortalde om aktiviteten i skigruppa med heile 4 treningar i veka i tillegg til renn og samlingar.
Den sosiale sida er viktig der alle uansett alder møtest til felles treningar.

Lars Henrik Skogtun møtte for Røysterett for alle og Monika Storevik og Tor Inge Døssland representerte skulemusikken.

Vi kjenner ikkje til kva prosjekt frå bygda som ikkje nådde opp i denne omgangen. Fondsleiar Åsmund Kåre Rørvikhadde i haust ei god

orientering i Dialogforumet om retningslinene og med bakgrunn i dette reknar vi med at det var mange søknader frå Uskedalen.

Av Kristian Olav Bringedal